

LINDÅS KOMMUNE
KVERNHUSMYRANE 20
5914 ISDALSTØ

EGIL MAGNAR EIDSNES
EIDSNESVEGNE107
5913 EIKANGERVÅG

Eikangervåg 19.09.2019

KLAGE PÅ SAK 483/19 GNR. 215 BNR 2 EIDSNESVEGEN

Viser til vedtak i gjeldande sak nr 483/19, og klagar med dette på vedtak som er gjort.

Om byggjesaksavdelinga ikkje finn grunnlag for å endre sitt vedtak i samsvar med denne klage, ynskjer eg at saka vert oversendt politisk behandling i Plan og Miljøutvalet.

Vedtaket frå administrasjonen kort oppsummert:

- Uttale frå SVV - krevjande avkøyrsl til fylkesveg
- Manglande gang/sykkelveg
- Langt til kommunesenter
- Uttale frå Fylkesmann – I strid med LNF - Tomtane burde vore ein del av planarbeidet
- Skeptisk til om arealet eignar seg til bustadføremål – bratte tomter

Merknad til vedtaket

Kommunen tek utgangspunkt i alt som kan legitimere avslag.

- **Avkøyrsl** - Når det gjeld avkøyrsl kjem det fram i søknad at denne er utbetra mykje siste åra og er no i tråd med gjeldande regler. Grunnen til at SVV problematiserer svingradius var at avkøyrsla var for stor og ikkje slik som kommunen insinuerer at avkøyrsla har for dårleg sikt. Det er m.a.o. inga problem å endre svingradius om det vert ei aktuell problemstilling (Nabo 60 m unna fekk nyleg godkjent søknad frå SVV der alt av krav til dosering, svingradius mm er lagt til side).
- **Sykkelveg/senter** - Om det er ein føresetnad med all spreidd utbygging at det skal skje i gåavstand til kommunesenteret, så strir det mot dei politiske signal som er gjeve og er heller ikkje i tråd med Lindås kommune sin praksis på området. Det skal også leggjast til rette for LNF-Spreidd utan at dette kjem i vegen.
- **Fylkesmannen** – Fylket viser til at det er uheldig at det vert lagt til rette for bustadbygging som ikkje er ein del av arealdelen av kommuneplanen. Lindås kommune sluttbehandlar i desse dagar ny arealdel av kommuneplanen, men min søknad om 2 tomter fell utanfor dei kriteria som er satt opp for at det kan innlemmast planarbeidet. Vurderinga frå fylkesmannen er uriktig.
- **Uheldig bukvalitet** - Hadde administrasjonen fått viljen sin etter synfaring for ca. 5 år sidan ville det vore 6 bustadtomter i området, påstand om at området ikkje eignar seg som bustadføremål er direkte usann. Området er godt eignar til bustadføremål og skepsisen frå fylket er ugrunna. De er velkomne på ny synfaring!

Mange av mine argument i søknaden er ikkje er problematisert, og dette gjer dessverre vedtaket mangelfullt og unyansert.

- **Mangel på bustader.** Det kjem ikkje fram i vedtaket at mangel på bustadareal på Eikanger både er og har vore utfordrande i mange år. Viser særleg til at administrasjonen la bort oppdraget om å få inn meir bustadareal bl.a nettopp på Eikanger pga. kapasitetsproblem i administrasjonen.
- **Overordna planer til kommunen** legg opp til ein prognose med 4 nye hus årleg på Eikanger. Dette er heilt umogleg med utgangspunkt i planprogrammet som vert lagt fram i haust. Bygda treng meir bustadareal! Store rekkefylgjekrav ligg i vegen for å realisere planlagde prosjekt. Dei siste åra er det bygd i snitt 2 hus (fleire av desse gjeld rehabilitering av gamle hus), og ny plan legg altså opp til 4 nye hus i året. Arealdelen av kommuneplanen framstår i dag som eit dårleg verktøy for å nå dette målet. Meiner fortsatt kommunen det er rikeleg med ledig bustadareal i krinsen?
- **Flotte tomter.** Sørvestvendt, solrike og flotte tomter.
- **Ukomplisert infrastruktur** med både veg, vatn, straum og kloakk.
- **Attraktivt området** med potensiale og ynskje om auka vekst frå politisk hald. Ser administrasjonen på dette med andre auge?
- **Synfaring** Kommunen har vore på synfaring på staden fleire gonger og konkludert med at området er eigna til bustadføremål. I avslaget frå kommunen finn ein ingen vurderingar som skulle tilsei eit positivt vedtak. Gjev vedtaket som no ligg føre eit korrekt og nyansert bilete av situasjonen?
- **Ny barneskule**, synkande elevtal og behov for auka elevmasse. Ostereidet ungdomskulekrins treng fleire elever, og alle korkje kan eller vil bu på Ostereidet. Store rekkefylgjekrav står i vegen for utvikling av krinsen. Heller ikkje denne problemstillinga er nemnd. Ser kommunen utfordringar knytt til synkande elevtal i ein krins der store kommunale investeringar ligg føre med både ny skule og ny hall?
- **Spreidd busetnad** - Meiner kommunen at all spreidd busetnad skal vera knytt opp mot kommunesentra?

Trass alle argumenta for å legitimere nytt bustadareal finn ikkje sakshandsamar grunnlag for å kommentere desse. Dette gjer vedtaket mangelfullt og vurderingane kan oppfattast som både tendensiøse og delvis feilaktig. Ei oversending til Fylkesmannen skal innehalda ei tydeleg framstilling av saka, ei konkret vurdering av om vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova er oppfylt, tidlegare motsegner og anna relevant historikk i saka. Dette er til dels utelate i gjeldande vedtak, og uttale frå Fylkesmannen er såleis også av meir generell og prinsipiell karakter. Uttale frå Fylkesmannen ber då naturleg nok preg av at ein ikkje har tileigna seg naudsynt kunnskap om det aktuelle arealet og resultat/uttale vert difor urimeleg negativ i denne saka.

Tidlegare har kommunen argumenter mot nytt bustadareal med at det ikkje er behov for tomter og grunna konflikt med landbruk og dyrka mark. Desse argumenta er både tilbakevist og urettmessige, og kommunen har lagt desse bort. I mine auge står kommunen no berre att med negativ uttale frå fylkesmann for å gje avslag.

Der vert då eit paradoks at politikarane henviser til at søknad om 2 tomter fell utanfor kriteria for å innlemme det i planarbeidet, medan administrasjonen ikkje vil tilrå positivt fordi det høyrer heime i planarbeidet.

Samla sett meiner eg fordelane ved å dispensere i samsvar med søknaden klart overstig ulempene. Eg ber om at det vert kall inn til ny synfaring på staden saman med tiltakshavar om kommunen skulle vera det minste i tvil om dei faktiske omstenda.

Egil Magnar Eidsnes